

KULTURDEPARTEMENTET - Kulturrådet  
Postboks 8030 DEP  
0030 OSLO

Dato: 29.09.2016  
Vår ref.: 2015/2147-312  
Saksbehandlar: anethom  
Dykkar ref.:

## Attendemelding på skisser til ny festivalordning presentert i dialogmøte hos Kulturrådet 12 09 16

Hordaland fylkeskommune takkar for eit informativt og interessant møte om overføring av tidlegare knutepunktfestivalar til Kulturrådet. Vi vil gjerne nytta høvet til å gje ei fagleg tilbakemelding på det som vart presentert i møtet.

Vi gjer merksam på at dette er ei administrativ og førebels fråsegn, ettersom Norsk Kulturråd ikkje har lagt opp til at saka kan handsamast korrekt av, til dømes, Hordaland fylkeskommune. Det er heller ikkje lagt fram skriftleg materiale som kan opplysa saka og som det kan takast stilling til. Hordaland fylkeskommune må såleis koma attende til saka når dette er klårare. Vi ber om å få høve til dette.

1. Hordaland fylkeskommune vil vurdera nærare spørsmålet om Festspillene i Bergen bør haldast utanfor ordninga og få overført tilskot over statsbudsjettet. Festspillene er den største musikk- og teaterfestivalen i Norden, og skiljar seg klart ut blant norske festivalar i kraft av omfang, varigheit, kunstnarisk breidde og internasjonal posisjon. Festspillene spelar ei viktig rolle som utviklingskraft i nært samspel med institusjonar og kulturliv og går i sitt verke langt utanom sjøve festivalperioden. Som ein institusjon med særskilt nasjonal og regional tyding, må det vurderast om støtte over statsbudsjettet også i fortsettinga vil vera det rette.
2. Hordaland fylkeskommune er i utgangspunktet positiv til den skisserte delinga av festivalstøtta i ei eittårig-, ei fleirårig- og ei mangeårig ordning der sistnemnde kan omfatta både tidlegare knutepunktfestivalar og andre festivalar med særskild tyding. Ein slik mangeårig festivalstøtte (f.eks. fem år) vil kunne sikra stabilitet, samtidig som den medverkar til en ny dynamikk på festivalfeltet.
3. Det er i utgangspunktet eit interessant prinsipp at den mangeårige festivalstøtta føreset regional medfinansiering etter mønster frå dei tidlegare knutepunktfestivalane. Det er likevel heilt avgjerande at det vert lagt opp til god dialog og samhandling for at dette skal kunna lukkast. Vi saknar dialog om korleis dette kan gjennomførast, og er usikker på om Norsk Kulturråd har tilstrekkeleg kompetanse om vedtaksprosessar i, til dømes, fylkeskommunane.
4. Kunstnarisk nivå og eigenart bør tilleggas størst vekt i vurderinga av mangeårig støtte. «Smalare» nisjefestivalar med særskilt kunstnarisk tyding bør og kunna koma inn i ordninga.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur idrett

Ronny Skaar  
seksjonsleiar kunst og kulturformidling

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*